

Innsendte saker 10b

Sak 1

Denne innsendte lovendringssaka går ut på å endre samansettinga av styret i BUL.

Framlegget er sendt inn og blir lagt fram av:

Torbjørn Bergwitz Lauen, Leikarringen

Endre Flatmo, Teaterlaget

Terje Svindseth

Lagstyret si innstilling:

Styret har drøfta saka og mot ei stemme støttar styret ikkje forslaget. Fire stykk stemte i mot.

Endring i lova krev 2/3 fleirtal og at minst 8 % av dei røysteføre er til stades på årsmøtet.

Innhald	Side
Innleiing og grunngjeving	2
Endring av lova	3
Endring i § 4	3
Endring i § 5	3
Endring i § 7	4

Framlegg til endring av samansetting av styret i BUL

Dette framlegget blir lagt fram for å forenkle styringsstrukturen i laget, og redusere talet på personar i verv.

Framlegget går ut på at lagsstyret får færre årsmøtevalde medlemmer og at dei fire særlagsleiarane får fast plass i styret.

I dag vel årsmøtet desse til lagsstyret:

- Leiar
- Fire styremedlemmer

- Tre varamedlemmer

Framlegg til ny struktur:

Årsmøtet vel

- Leiar
- To styremedlemmer
- To varamedlemmer

Dei fire særlagsleiarane vald av årsmøta i særlaga blir medlemmer av lagsstyret.

Dei årsmøtevalde styremedlemmene skal utgjere eit arbeidsutval som møtes regelmessig, medan heile styret skal møtast minst to gongar i året, men helst fleire. Heile styret vil då konsentrere seg om dei meir langsiktige linjene, medan meir dagleg drift blir handsama av arbeidsutvalet.

Grunngjeving:

- Lagsstyret har tidlegare hatt ansvar for eigne arrangement, som t.d. regelmessige lagsmøte, 17. mai-arrangement og liknande. Dette er ikkje lenger oppgåver som styret tek seg av.
- Styret diskuterer saker som påverkar særlaga, men som må sendast ut på høyring for å få tilbakemelding frå særlaga kva dei meiner, fordi medlemmene i styret ikkje representerer særlaget sitt, og ikkje har fullmakter til å kunne uttale seg. Dette er t.d. langtidsplanar/handlingsplanar og budsjett.
- Eit styre der særlagsleiarane er med vil gje tettare kontakt mellom aktivitetane og styret som forvaltar budsjett og hovudlinjene for heile organisasjonen.
- Det blir kortare veg frå medlemmene og hovudstyret
- Det blir enklare å skape felles forståing og ei fellesskapskjensle
- Det er mange verv i BUL og det kan vere vanskeleg å fylle alle desse.

Lovendringa blir lagt fram på årsmøtet 20. mars 2024, og skal gjelde frå og med denne dagen. Dvs. at lagsstyret som blir vald på årsmøtet 2024 skal veljast etter nye reglar.

Framlegg til konkrete endringar i lova og styringsføresegnene:

§ 4 STYRET, SAMANSETJING OG VAL

Styret er lagsleiarane, og fireto årsmøtevalde styremedlemmer og leiarane i særlaga. med tre varamedlemmer valde av årsmøtet (1).

Lagsleiarane vert vald særskilt (2) for eitt år.

Nestleiarane vert vald særskilt (3) mellom styremedlemmene for eitt år.

Til styremedlemmer vert det annakvart år valt ei kvinne og ein kar for to år (4). ~~Til varamedlemmer i rekkjefølgje vert det kvart år valt tre for eitt år (5), av dei skal det vera ei kvinne og ein kar.~~

Årsmøtet vel to varafolk i rekkjefølgje for eitt år, av dei skal det vere ei kvinne og ein kar.

Nestleiarane i særлага er vara for særlagsleiarane.
Lagsleiaren og dei to årsmøtevalde styremedlemmene utgjør arbeidsutvalet.

(1) L § 11
(4) og (5) L § 12, 2. leden

(2) og (3) L § 12, 4 leden

§ 5 STYREOPPGÅVER

Styret står føre lagsarbeidet og gjer dei vedtaka som ikkje lova legg til eit lagsmøte (1) eller årsmøtet (2).

Arbeidsutvalet fungerer mellom styremøta etter mandat frå styret.

Styret tilset ~~i samråd med rådet~~ tenestefolk og fastset vilkåra.

Styret kan gjeva tilsette fullmakt til å binda laget i det daglege arbeidet deira, likevel ikkje i saker som går under § 10.

Innsende framlegg (3) frå lagsfolk til vedtak (4) i laget, skal styret gjeva tilråding om.

Styret har innsynsrett i særлага (5) og i dei økonomiske tiltaka laget driv.

Styret gjer vedtak om den samla rekneskapen for laget og dotterselskap.

~~Styret set i verk alle vedtak.~~

Laget vert bunde med underskrift av lagsleiaren og ein annan styremedlem saman.

Lagsleiaren målber laget utetter.

(1) L § 10 jf. § 2 og S § 2
(3) S § 22
(5) L § 2, 3. leden, S § 3, § 18, § 21.

(2) L § 11
(4) L § 10, § 11, jf. § 12, 1. leden og S § 29

§ 6 STYREMØTE OG VEDTAK

Lagsleiaren kallar inn til styremøte (1) så ofte det trengst. Når ein styremedlem krev det, skal møte haldast.

Medlemene av styret har skyldnad til å møta når dei ikkje har forfall, og til å røysta for eller imot når dei ikkje er ugilde. Det skal gå fram av møteboka korleis den einskilde har røysta. Styret er vedtaksført og gjer vedtak med vanleg fleirtal når minst tre styremedlemer møter og er røysteføre, dersom ikkje anna følgjer av lova (2). Står røystene likt, er røysta til lagsleiaren avgjerande, men i personval og tilsetjing skal det vera lutdraging.

(1) Jf S § 6
(2) L § 3, 3. og 4. leden.

STYRINGSFØRESEGNER:

§ 7 HINDRING MOT Å HA VISSE TILLITSOMBOD SAMSTUNDES

Ingen kan ha slike verv samstundes:

- ~~- Særlagsleiar/hyttestyreleiar og lagsstyremedlem~~
- Lagsstyremedlem/særlagsstyremedlem og rådsordførar
- Lagsstyremedlem/rådsordførar/~~særlagsleiar~~ og styremedlem i økonomiske tiltak som laget har minst 25% eigardel i.

Sak 2

Endring av lovendringsparagrafen

Det er i dag eit krav om at 8 % av medlemmer med røysterett må vere til stades på årsmøtet for at det kan gjerast endringa i lova. Dette er vanskeleg å nå, og er ikkje vanleg i andre organisasjonar. For å kunne vere ein endringsdyktig organisasjon foreslår vi å stryke kravet om 8% og berre krevje 2/3 fleirtal mellom dei frammøtte.

Framlegget er sendt inn og blir lagt fram av:
Terje Svindseth

Lagstyret si innstilling:
Styret støttar framlegget om endring av § 16 i lova.

Endring i lova krev 2/3 fleirtal og at minst 8 % av dei røysteføre er til stades på årsmøtet.

Innhald	Side
Endring av lova	1
Endring i § 16	1

§ 16 LOVBRIGDEENDRING

Denne lova kan ~~brigdastendrast~~ på eit årsmøte ⁽¹⁾ med to tredelar fleirtal, ~~når talet på røysteføre (2) til stades svarar til minst 8 prosent av alle som har røysterett i laget.~~
Men til brigdeendring i paragrafane 1, 15 og i dette punktet krevst det samrøystes vedtak. Framlegg med grunngjeving må kunngjerast i sending frå styret til medlemene minst ein månad føreåt.

(1) L § 11 nr. 12, S § 31, 1. leden (2) L § 3, 1. og 2. leden, jf. S § 25.